

# "Eit merke til minne, ein bauta til æra"

17. mai 1992 vart denne prologen lese fyrste gongen ved den gamle bautasteinen. Den er skreve av Olav Agnar Gausvik og blir lese kvar nasjonaldag på denne staden.

*Stø var handa  
som sette meiselen.  
Sterk var armen  
som svinga feiselen.  
Eit merke til minne,  
ein bauta til æra,  
reist her i vørtnad  
for bodskap å bera*

*om hermann frå bygda vår, her sett i stein,  
Samson og Søren, Ludvik og Svein,  
kalla til kamp i ufredens år,  
sende i strid for fridomen vår,  
Ola og Hagtor, Anders og Berge,  
Torgeir og Jens, for landet å verje.*

*- Vern oss mot fienden! Varden er tent!  
- Fram i felt, Bergenhus regiment!  
To bataljonar rustar seg ut.  
- Inn i rekksa uskedalsgut!  
Marsj til grensa mest utan stans,  
Gutorm og Halvar, Johannes og Hans.*

*Sør til Fredrikstad fer grenaderane.  
Aust over Filefjell dreg musketerane,  
framme ved Kongsvinger der slår dei leir,  
motet er stort og mannskapet meir,  
børsa er pussa og krutet er turt,  
her skal nok svenskane koma til kort.*

*Stø var handa  
som sette meiselen.  
Sterk var armen  
som svinga feiselen.  
Eit merke til minne,*

*ein bauta til æra,  
reist her i vørtnad  
for bodskap å bera*

*for spreidde vart slaga og sjeldne vart  
skota,  
og heldig var han som fann seng i ei såta,  
for mange låg ute og svalt og fraus  
mens regnet sila og snøen draus.  
Forsyninga svikta, fillene slong.  
- Kjem det ikkje til fred nokon gong?*

*Utrygge unggutar kjempar sitt beste  
og kampen mot sjukdomen han er den  
ve'ste.*

*Lasarettet skal vera den sikre død.  
- Høyrer du Anders, og Ola frå Rød,  
Aslak og Paul, Eirik og Svein?  
Tyfusen herjar! Tar ein etter ein.*

*Den gongen dei drog, var dei tjueni.  
Tjuefire kom heim etter fullfört strid.  
Til Dønhaug kom ikkje Johannes og Lars.  
Ola frå Kjærland kom aldri til svars,  
og kjende og kjære sat att og gret  
for Hans ifrå Musland og Ola frå Fet.*

*Stille legg mannen  
sin meisel i kista.  
Armen kan kvila,  
runene rista.  
Eit merke til minne,  
ein bauta til æra,  
reist her i vørtnad  
for bodskap å bera*